
Fra: Nedreaas, Kjell <kjell.nedreaas@imr.no>
Sendt: 27. juni 2015 10:29
Til: Postmottak Lindås
Emne: FW: Høyring av søknad om utviding av akvakulturanlegg etter akvakulturlova, lokalitet Storskrebukti
Vedlegg: Havforskningsinstituttet - Multitrofisk akvakultur_ Mulighetene for grønn ut.pdf; Multitrofisk akvakultur.pdf
Viktighet: Høy

From: Nedreaas, Kjell
Sent: 27. juni 2015 10:27
To: 'postmottak@lindås.kommune.no.'
Subject: Høyring av søknad om utviding av akvakulturanlegg etter akvakulturlova, lokalitet Storskrebukti
Importance: High

Hei!

Eg viser til kunngjering i lokalavisa Strilen lørdag 30. mai vedrørende søknad om utviding av areal og biomasse i stamfiskanlegg for regnbogeaure på lokalitet 13566 Storskrebukti i Hindenesfjorden, samt søknad om løyve til dyrking av blåskjell på same lokalitet. Høyringsfrist/svarfrist vart i denne kunngjeringa sett til 4 veker (dvs. i dag 27.6). Som grunneigar og hobbyfiskar i Hindenesfjorden vil eg gjere Lindås kommune oppmerksom på følgjande:

- det blir sagt at det ikkje blir noko auke av Maksimum Total Biomasse (MTB) i fjorden ved samanslåing av dei to lokalitetane Øvreås og Storskrebukti til ein utvida lokalitet ved Storskrebukti. Det er isolert sett riktig, men det kan føre til eit meir konsentrert utslepp på Storskrebukti lokaliteten som ligg lenger inne i fjorden. Belastinga på fjorden kan derved bli større, også fordi fjordstraumen ved Øvreås (som ligg lenger ute i fjorden) førte ekskrementer og forrestar utover og ut av fjorden, og ikkje vidare innover i fjorden som tilfellet vil bli ved Storskrebukti pga hovudstramretningen her.
- kombinasjonsdrift med blåskjel må sjåast på som eit eksperiment og interessant miljøprosjekt. Havforskningsinstituttet påpeikar i vedlagte artiklar ein del sider ved dette (både positivt og negativt) som oppdrettar og den instans som gjev løyvet må ta ad notam. Blåskjellarvar kan for eksempel auke begroinga på oppdrettsmerdene, og derved redusere vassgjennomstrøyming.
- eg vil be Lindås kommune be dei rette instansar om å følgje opp at anker blir plassert ut ihht kart vedlagt søknad
- eg vil be Lindås kommune be dei rette instansar (Kystverket) om å sjekke og melde tilbake til kommunen om at fullstendig opprydding på nedlagt lokalitet Øvreås er fullført innan 6 månader etter at løyvet til utvida lokalitet Storskrebukti er gitt.

Mvh

Kjell Nedreaas

Kjell Harald Nedreaas

Askelandsvågen 58

5993 Ostereidet

Phone: +47 99 53 85 49

E-mail: kjell.nedreaas@imr.no